



Prosedyre for å sikre elevane sine rettar etter §12 i Opplæringsloven

FØREMÅL

”Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring”

Kommunen skal ha eit system som syner korleis ein forvaltar lovbestemminga i §12. Det betyr at kommunen og skulane skal ha skrivne rutinar som er tilgjengelege for alle som vender seg til skulen for å få vite korleis skulen forvaltar lovbestemminga i §12.

Når det gjeld den delen av §12-7 som handlar om det fysiske miljøet, viser kommunen til HMS- rutinane sine.

Når det gjeld den delen av §12-3, §12-4 og §12-5 som omhandlar det psykososiale miljøet, gjeld følgjande for Fjord kommune:

VIRKEOMRÅDE

Fjord kommune sine rutinar for å sikre elevane sine rettar etter §12

ANSVAR

Rektor er ansvarleg for å følgje opp rutinane.

Rutinane skal vere kjent for føresette, elevar og tilsette.

OMGREPSAVKLARINGAR

Skulemiljø: summen av både det fysiske og det psykososiale miljøet på skulen.

Krenkingar: enkeltepisodar som finn stad ved både mobbing, trakassering og diskriminering. Kan vere enkeltepisodar utan den systematikken som må til for at det skal vere mobbing

Mobbing: fysiske eller negative handlingar som vert utført gjentekne gongar og over tid.

Diskriminering: usakleg forskjellsbehandling som kan knytast til eit eller fleire diskrimineringsgrunnlag.

Trakassering: handlingar, unnlatingar eller ytringar som verkar eller har som formål å virke krenkande, skremmande, fiendtlege, nedverdige eller audmjukande.

Dette er hovudpunkta i kapittel 12 i Opplæringsloven

- Alle elevar har rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt skulemiljø. Det skal vere nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering
 - Nulltoleranse skal vere førande for skulen sitt systematiske arbeid for eit trygt og godt skulemiljø
- Aktivitetsplikt for **alle** tilsette på skulen for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø:
 - Plikt til å følge med
 - Plikt til å gripe inn
 - Plikt til å varsle all mistanke og kjennskap
 - Plikt til å undersøke all mistanke og kjennskap
 - Plikt til å sette inn tiltak når eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
 - Plikt til å sette inn tiltak gjeld heilt til eleven har det trygt og godt
 - Skulen må dokumentere kva dei gjer i mobbesaker, slik at saken kan overprøvast
 - Dersom eleven eller føresette meiner at skulen ikkje har følgd opp si aktivitetsplikt, kan dei klage til fylkesmannen
 - Fylkesmannen er handhevingsorgan og har myndigheit til å vedta kva skulen skal gjere for å sikre eleven sin rett.
 - Elevar og foreldre kan klage i mobbesaker, kommunen har ikkje klagerett.
 - Dersom skulen ikkje gjer det den skal, kan kommunen få dagbøter.
 - Skulen har plikt til å informere elevar og foreldre om kva rettar dei har.

§ 12- 3 Systematisk arbeid

Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremme helse, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i kap. 12 blir oppfylt, dette er rektor sitt ansvar.

Det systematiske arbeidet må vere ein integrert del av skuleverksemda.

Skulen skal ha eit handlingsprogram, eller eit årshjul for det systematiske arbeid med å fremme helse, miljøet og tryggleiken til elevane.

Punkt planen skal innehalde:

- Mål for arbeidet med skulemiljø
- Tidspunkt for informasjon til elevar, føresette og tilsette om innhald, plikter og krav i kap. 12 i Opplæringsloven og Fjord kommune si forskrift om skulereglar.
- Elevrådet og skulemiljøutvalet sin medverknad til å fremme helse, miljøet og tryggleiken til elevane på skulen
- Skulen sine rutinar for elev og foreldresamtalar der elevane sitt skulemiljø er tema
- Rutinar for for- og etterarbeid av elevundersøkinga, eller andre undersøkingar knytt til skulemiljø
- Kartlegging av utfordringar og risiko
- Sett inn tiltak for å nå måla

- Evaluering og vurdering av eigen praksis
- Rutinar for drøfting i heile kollegiet der elevane sitt skulemiljø er tema
- Kompetanseheving på områda psykososialt skulemiljø, krenking og mobbing
- Tidspunkt for evaluering av skulen sitt systematiske arbeid for å få eit trygt og godt skulemiljø

§ 12-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

Aktivitetsplikt vert utløyst når ein elev opplever å ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Ordlyden «trygt og godt skulemiljø» siktar til eleven sitt psykososiale skulemiljø og retten etter oppl. § 12-2. Elevane har rett til eit skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.

Aktivitetsplikt består av 5 handlingsplikter

- **Følge med:** ei plikt for den enkelte til å vere merksam og aktivt observere korleis elevane agerer kvar for seg og seg imellom. Å følge med handlar også om å lytte til elevane. Plikta er vidare ein viktig føresetnad for at skulen skal kunne drive systematisk arbeid for å førebygge og avdekke om elevar har eit trygt og godt skulemiljø. Elevar er ei viktig kjelde til informasjon for skulen. Alle har plikt til å dokumentere korleis ein følg med via observasjonar, logg, samtale, kartlegging osv.
- **Gripe inn:** Skal skje **umiddelbart**, og er retta mot å stoppe ein situasjon som pågår og er forholdsvis akutt. Det må skiljast mellom å gripe inn og aktivitetsplikt.
- **Varsle rektor:** Plikt for alle tilsette til å varsle ved all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Bruk skjema for varsling. Rektor har plikt til å varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle. Kva som er alvorlege tilfelle vil bero på ei skjønsmessig vurdering.
- **Å undersøke:** Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Elevar som seier i frå skal **alltid** bli tatt på alvor, og det skal føre til at saken vert undersøkt.
- **Sette inn tiltak- heilt til eleven har det trygt og godt:** Skulen har plikt til å sette inn tiltak som er eigna til å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.
 - Eleven si oppleving av ikkje å ha eit trygt og godt skulemiljø skal alltid utløyse aktivitetsplikt
 - Behovet for tiltak og val av tiltak skal gjerast ut i frå ei fagleg vurdering
 - Lav terskel for at plikta vert utløyst, det skal lønne seg å seie ifrå.
 - Omfattar også ei plikt til å følge opp tiltak, evaluere verknaden og eventuelt endre eller legge til tiltak
 - Plikta vert også utløyst av at undersøkingar som skulen har gjennomført på eige initiativ viser at ein eller fleire elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
 - Tiltak kan rettast mot dei som blir mobba/krenka, mot dei som mobbar/krenker, mot grupper klasse- eller skulemiljøet.

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal settast inn tiltak i ei sak. Bruk mal for aktivitetsplan. I planen skal det stå:

1. Kva problem skal tiltaka løyse
2. Kva tiltak skulen har planlagt
3. Når skal tiltaka gjennomførast
4. Kven er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka
5. Når skal tiltaka evaluerast

Verkeområde for aktivitetsplikta

At årsaka til eleven si oppleving av utryggheit, einsemd, mistrivnad o.l ligg utanfor skulen i tid eller fysisk område, avgrensar ikkje skulen si aktivitetsplikt så lenge eleven si oppleving av å vere til stades på skulen, altså sitt skulemiljø, vert prega negativt av det. Dette er bl.a aktuelt for digital mobbing, der krenkingane typisk skjer utanom skuletida, men har betydning for korleis eleven opplever at det er å vere på skulen. Sjølv om tiltaksplikta gjeld uavhengig årsak, så har ikkje skulen ansvar **for å løyse** problem og utfordrande situasjonar i eleven si fritid og heimesituasjon.

Når er aktivitetsplikta oppfylt?

Skulen si tiltaksplikt gjeld så lenge ein elev opplever at det ikkje er trygt og godt å vere på skulen, og det fins tiltak som er eigna til å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø

- Elevane si oppleving er avgjerande
- Det skal ligge faglege vurderingar til grunn for val av tiltak
- Likevel vil det kunne vere tilfelle der skulen si aktivitetsplikt er oppfylt sjølv om eleven/føresette ikkje er tilfreds med skulemiljøet. Det avgjerande i ei sak vil vere om skulen har sørga for og framleis vil sørge for å vurdere ulike tiltak som etter ei fagleg vurdering er eigna til å sikre eleven eit trygt og godt skulemiljø. Dersom dette er besvart positivt, må det sjåast som at skulen har oppfylt aktivitetsplikt si.

Ansvarsfordeling

Oppgåve	Handling	Ansvar
Plikt til å følge med	<ul style="list-style-type: none"> • Konstant, også uavhengig av mistanke, følge med på at elevane har det trygt og godt • Kartlegge og vere på vakt • Vite kva som foregår, ha eit kompetent og årvakent blick • Spesielt følge med på elevar med som er sårbare 	Alle tilsette
Plikt til å følge med	<ul style="list-style-type: none"> • Inspeksjonsrutinar for friminutt • Overgangssituasjonar • Gjennomføre elevundersøkinga • Oppfølging av elevundersøkinga • Elev- og foreldresamtalar 	Rektor Kontaktlærer

Plikt til å undersøke	<ul style="list-style-type: none"> • Når ein elev slit med å finne sin plass i det sosiale miljøet • Når ein elev er utrygg på skulen på grunn av krenking utanfor skulen (f.eks. digital krenking) • Når ein elev er utrygg på skulen på grunn av tidlegare mobbing og krenkingar • Ved alle mistankar eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen • Når elevar seier frå om krenkingar eller at dei ikkje har det trygt og godt på skulen. • Skulens vurdering må ta utgangspunkt i, og vere nært knytt til eleven si eiga oppleving. Eleven si oppleving av kva som er krenkande, er ikkje alltid avgjerande • Ved å samarbeide med familie og andre når eleven verken har det trygt og godt på skulen, eller har det bra heime • Så langt det er mogleg skal skulen notere ned opplysningar som har betydning for ei sak som gjeld enkeltelevar. Skulen skal i ettertid kunne vise at aktivitetsplikta er oppfylt vha. notat, referat, utveksling av korrespondanse mv. 	Kontaktlærer Rektor
Plikt til å gripe inn	<ul style="list-style-type: none"> • Når ein elev blir utsett for krenkingar, jf. pkt. 12-4 	Alle tilsette
Plikt til å varsle skuleleiinga	<ul style="list-style-type: none"> • Når ein tilsett får mistanke om eller kjennskap til at ein elev vert utsett for krenkingar <ul style="list-style-type: none"> ○ Ved mindre, men gjentekne hendingar ○ Når det er nødvendig • Når ei sak er varsla frå tilsette har rektor ansvar for oppfølginga 	Alle tilsette
Plikt til å varsle skuleleiinga	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide rutine for varslingspraksis • Det er lov med strengare varslingspraksis enn lovens minstekrav • Forsvarleg handtering av varslar 	Rektor
Plikt til å varsle skuleeigar	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide rutine for varslingspraksis mellom skule og skuleeigar <ul style="list-style-type: none"> ○ Ved svært alvorleg krenking ○ Når skuleleiinga over tid ikkje greier å løyse ei sak 	Skuleeigar Rektor
Plikt til å sette inn tiltak	Tiltaka må vere:	

	<ul style="list-style-type: none"> eigna, og settast i gang for å stanse krenkingane. Tiltaka skal sikre at elevane får det trygt og godt på skulen, bygd på fagleg vurdert ut frå tilgjengeleg kunnskap om mobbing og andre krenkingar i tråd med prinsipp om barns rett til medverknad og barns beste Sjå til at skulane har, eller kan hente inn, tilstrekkeleg kompetanse til å løyse situasjonar som oppstår 	Rektor Skuleeigar
--	--	--------------------------

§ 12-4 Dokumentasjonsplikt

Skulen skal dokumentere arbeidet som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta

- Gjeld det arbeidet som vert gjort for å sikre at krava til å følge med, gripe inn, varsle, understøtte og sette inn tiltak vert oppfylt
- For plikta til å følge med, vil dokumentasjon i stor grad vere knytt til aktivitetar som omfattar fleire elevar, grupper eller heile skulen, og vere ein del av skulen sitt førebyggjande arbeid.

Mål for dokumentasjonsplikta

- Understøtte fagleg forsvarleg og målretta praksis ved skulene
- Sikre at elevar og foreldre får ei trygghet i at skulen tek saka deira seriøst
- Sikre skuleeigar sitt innsyn i skulen si handtering av saker
- Sikre at skulen sitt arbeid for å oppfylle dokumentasjonsplikta vert dokumentert, slik at fylkesmannen sin gjennomgang av fakta skal skje raskt og effektivt dersom saka vert meldt dit.
- Ein styrke i andre samanhengar, t.d. tilsyn, erstatningssaker, arbeidsrettslege saker eller saker om straff.

§ 12-5 Det er skjerpå aktivitetsplikt når tilsette krenker

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke eller informasjon til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering eller trakassering, skal vedkomande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigar. Dersom det er leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar (kommunalsjef oppvekst og kultur) varslast direkte av den som fekk mistanke eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 12-4 skal settast i verk straks.

Ansvarsfordeling

Oppgåve	Ansvar
<ul style="list-style-type: none"> Informere om lovkravet til: <ul style="list-style-type: none"> elevar og føresette skulemiljøutvalet, samarbeidsutvalet og FAU elevråd politikarar 	Rektor og kontaktlærer Rektor Kontaktlærer for elevråd Kommunedirektør

<ul style="list-style-type: none"> • Lage varslingsrutinar på skulenivå <ul style="list-style-type: none"> ○ Ved mistanke om eller kjennskap til at tilsette krenker elever • Lage varslingsrutinar mellom skule og kommune 	Rektor Kommunedirektør
---	-------------------------------

§ 12-6 Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikt i enkeltsaker

Dersom ein elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø, og eleven/føresette meiner skulen ikkje har tatt dei på alvor eller utført si aktivitetsplikt, kan saken meldast til fylkesmannen. Saken skal først vere tatt opp med rektor, og det skal ha gått minst ei veke før saken vert meldt til fylkesmannen.

- Fylkesmannen utgreier og tek stilling til om skulen har oppfylt si aktivitetsplikt
- Skal følge forvaltningsretten sine reglar for forsvarleg sakshandsaming og enkeltvedtak
- Involverte elevar skal bli høyrd og omsyn til barnet sitt beste skal vere grunnleggande
- Skuleeigar og skulen skal legge fram dei opplysningane fylkesmannen treng for å ta stilling til saken

Dersom fylkesmannen kjem til at skulen ikkje har oppfylt si aktivitetsplikt, skal dette følgast:

- Fylkesmannen skal sette frist for å oppfylle vedtaket, og skal sørge for at kommunen følger opp vedtaket innan fristen
- Fylkesmannen kan knyte tvangsmulkt til vedtaket

Privatpersonar kan påklage fylkesmannen sitt vedtak til Utdanningsdirektoratet